



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Klepp kommune 7., 14. og 21. juni 2018

Tidsrom for tilsynet:	7., 14. og 21. juni 2018
Kommunens adresse:	Klepp kommune
Kontaktperson i kommunen:	Beredskapskoordinator Marit Anda
Fylkesmannens tilsynslag:	Revisjonsleiar Reidar Johnsen og revisor Tage Eriksen
Dato for rapport:	25. september 2018

Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Klepp kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekka fire avvik i tilsynet med Klepp kommune:

Avvik 1

Klepp kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava etter sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik 2

Klepp kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik 3

Klepp kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik 4

Klepp kommune oppfyller ikkje krava til øvingar og system for opplæring i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Innhald

Samandrag	1
1. Bakgrunn for tilsynet	3
2. Rammer for tilsynet	3
3. Hovudinstrykk	3
4. Resultat frå tilsynet	4
5. Grunnlagsdokument	5
6. Deltakarar i tilsynet	7

1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Klepp kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 3. januar 2018, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 7. juni hadde vi intervju med ordførar Ane Mari Braut Nese og 14. juni var det opningsmøte og intervju med andre relevante personar i kommunen. Sluttmøtet var 21. juni 2018.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekka under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre betring i oppfølginga av føresegnene i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

3. Hovudinntrykk

Klepp kommune var ein føregangskommune innan samfunnstryggleik og beredskap. Prosjektet DagROS tidleg på 2000 talet set kommunen på Noregskartet. Det har vore stor utskifting av personane som er med i kommunen si kriseleiing dei seinare åra og arbeidet med samfunnstryggleik har ikkje fått stort nok merksemd eller hatt nok ressursar.

Dette ønsker kommunen no å gjere noko med. Det er frå i år gjort fleire tiltak for å bøte på dette. Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har stor merksemd frå øvste både politisk og administrativt nivå og det er set av meir ressursar til samfunnstryggleik og beredskap hos beredskapskoordinator. Det er etablert ei beredskapsgruppe rundt beredskapskoordinator der alle dei viktigaste tenesteområda deltek. Det siste for å gjere arbeid meir tverrfagleg og robust.

Den nye heilskapelege ROS-analysen frå 2018 oppfyller dei krava som er set til slike analysar så fort den har fått ei forankring i kommunestyret.

4. Resultat frå tilsynet

Det blei avdekka fire avvik under tilsynet med Klepp kommune:

Avvik 1

Klepp kommunes heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje krava etter sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 2 og 9.

Utfyllande kommentar:

- Kommunens si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse frå 2018 har ikkje blitt godkjent av kommunestyret.

Avvik 2

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, jamfør sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 3 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Det er ikkje i tilstrekkeleg grad dokumentert at det har vore ei systematisk oppfølging av tiltaka i den heilskaplege ROS-analysen frå 2013.
- Kommunen har ikkje dokumentert overordna strategiar for beredskapsarbeidet. Det er nemnt noko i den heilskaplege ROS-analysen, men der er strategiane berre knytt til ROS-arbeidet.
- Den generelle arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har ikkje fått nok merksemd dei siste åra, pga. manglande revisjon av overordna beredskapsplan og øvingar.

Avvik 3

Klepp kommune oppfyller ikkje alle minstekrava til ein beredskapsplan i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 4, andre ledd bokstav c, 6 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Planen er utdatert. Den ble laget i 2014 og ser i liten grad ut til å ha vært oppdatert før den pågåande revisjonen i 2018.
- EPS-planen inneheld ikkje informasjon om kven som har ansvar for kva og kven som skal fylle dei ulike funksjonane som er nødvendige. Til dømes kven som er leiar for EPS-senteret. Når det er en avtale med eit hotell som EPS-senter er det viktig at avtalen regulerer kva ansvar hotellet har og kva kommunen skal gjere.
- Planen har ikkje nokon heilskapleg plan for befolkningsvarsling, sjølv om einskilde opplysningar kan utleiast av informasjonsplanen.
- Beredskapsplanen manglar oversikt over interne og eksterne ressursar.

- Den overordna beredskapsplanen samordnar ikkje dei andre beredskapsplanane som kommunen har.

Avvik 4

Klepp kommune oppfyller ikkje kravet til øvingar og system for opplæring i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 8.

Utfyllande kommentarar:

- Kommunen har ikkje øvd dei siste to åra.
- Det er ikkje dokumentert noko system for opplæring av personar som skal arbeide med beredskap i kommunen.

5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokumenter som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet:

- Heilskapleg ROS-analyse frå 2013
- Heilskapleg ROS-analyse frå 2018, og utvalde analyseskjema
- Protokoll frå vedtakinga av ROS-analyse frå 2013 i kommunestyret
- Dokumentasjon på involvering av eksterne aktørar i ROS-arbeidet
- Kommuneplanens samfunnsdel 2014-2025
- Overordna beredskapsplan frå 2014
- Utkast til ny overordna beredskapsplan frå 2018, operativ og strategisk del
- Tiltakskort ved eksponering for radioaktivt jod
- Beredskapsplan for helse og velferd
- Smittevern- og pandemiplan
- Plan for psykososial oppfølging ved kriser, ulykker og katastrofar, psykososialt kriseteam Klepp og Time kommune, revidert august 2017
- Beredskapsplan for vassforsyninga, revidert desember 2017
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet av 27.5.2016
- Diverse interne dokumenter for kursprogram/opplæring
- Avtaler med Jæren hotell, Norsk folkehjelp m.fl.
- Dokumentasjon på øving ved Klepp vannverk 6. april 2016

6. Deltakarar ved tilsynet

I tabellen under er det en oversikt over deltakarane på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ane Mari Braut Nese	ordfører		x	

Torild Lende Fjermestad	rådmann	x	x	x
Marit Anda	beredskapskoordinator	x	x	x
Trine Eide Fossmark	kommunalsjef lokal utvikling	x	x	x
Svein Oftedal	rådgivar	x	x	x
Anja Kleppe Lygra	kommunikasjonsrådgivar	x	x	
Peter Willmann	fagansvarleg plan	x	x	
Marianne Sund	kommunalsjef helse og velferd	x		
Sigurd Aukland	ass. kommunalsjef utdanning	x		x
Irja Stenby	verksemdsleiar	x		x
Torbjørn Hovland	varaordførar			x
Espen Åvitsland	personal- og organisasjonssjef			x

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleder/fylkesberedskapssjef
- Tage A. T. Eriksen, revisor/rådgivar